



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato  
27.04.2015  
Dykkar dato  
20.04.2015

Vår referanse  
2015/5731 331.1  
Dykkar referanse

Radøy kommune,  
Radøyvegen 1690,  
5936 Manger

### **RADØY KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN**

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2015 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 11. desember 2014.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,4 prosent i 2014 til 11,35 prosent i 2015.

#### **Frie inntekter**

Kommunen har budsjettert med kr. 115.665.000,- i skatt på eige og inntekt for 2015.

I 2014 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 1,9 prosent. Pårekna skatt i statsbudsjett tilseier ein skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 med 5,6 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2014 var 91,1 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2015 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2015 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 261,8 mill.

Inntektsprognosen for 2015 er no oppdatert med endelege innbyggjartal pr. 01.01.2015 og innkomen skatt i 2014. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2015. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2014.

Dei budsjetterte frie inntektene er om lag kr. 1,7 mill. for høge samanlikna med den siste inntektsprognosen, det vil seie kr. 261,8 mill. i budsjett mot kr. 260,1 mill. i inntektsprognosen.

Kommunen bør vurderer dei frie inntektene i budsjettet nærare i samband med første tertialrapport i år og gjennomføra budsjettrevisjon med sikte på at dei frie inntektene i budsjettet blir realistiske.

Inntektsprognosen byggjer på føresetnadene om skattevekst i statsbudsjettet. Det er uvisse knytt til om denne skatteveksten er realistisk. Dei reelle frie inntektene for kommunen kan difor bli endå lågare enn det som følgjer av noverande inntektsprognose basert på statsbudsjettet.

### **Eigedomsskatt**

Det er budsjettert med om lag kr. 11 ½ mill. i eigedomsskatt for 2015. Innkomen eigedomsskatt i 2014 var om lag på det same nivået.

Eigedomsskatten er vidareført frå 2014 til 2015 med sju promille på verk og bruk og tre promille på bustader og fritidseigedomar. Realverdien av desse inntektene blir reduserte over tid dersom dei berre blir vidareførte på same nominelle inntektsnivå. Det vil seie at eigedomsskatteinntektene ikkje aukar tilsvarande den ordinære løns- og kostnadsveksten for kommunen.

Nivået på eigedomsskatteinntektene bør bli sett i samband med betydeleg inntektsreduksjon i utbytte samanlikna med nivået i 2014.

### **Løns- og prisauke**

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2015 er i vedteke statsbudsjett 3,0 prosent. Prisindikatoren består av pårekna lønsvekst 3,3 prosent og pårekna prisvekst på varer og tenester med 2,5 prosent.

### **Renteinntekter og utbytte**

Renteinntekter og utbytte er inntektsført med samla kr. 4,6 mill. Av dette utgjer aksjeutbytte frå BKK kr. 3,0 mill. (0,74 prosent av kr. 400 mill.). Utbytte frå BKK blir halvert frå 2014 til 2015.

### **Avdrag**

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda ( når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med ). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr. 8.240.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået for ordinære avdrag og utgjer om lag 3,6 prosent av netto lånegjeld (kr. 226,3 mill.) ved utgangen av 2014.

### **Driftsresultat**

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar ( inkl. inndecking av underskot ).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Kommunane er i tidlegare år tilrådd å ha eit netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene på minst 3 prosent, basert på prinsippet om formuebevaring. Momskompensasjon frå investeringar har til og med 2013 vore inntektsført i driftsrekneskapen. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen frå investeringar i staden inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

På denne bakgrunn har Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi i sin rapport frå november 2014 redusert det tilrådde nivået for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, frå 3 prosent til 1  $\frac{3}{4}$  prosent for kommunane generelt ( for fylkeskommunane er det tilrådd eit høgare nivå som følgje av ansvar for tidlegare riksveggar).

Tilrådinga er no knytt til kommunekonsern og ikkje som tidlegare til kommunekasse.

Nivået på 1  $\frac{3}{4}$  prosent for netto driftsoverskot er eit tilrådd minstenivå frå utvalet. Fylkesmannen si vurdering er at ei målsetjing om eit noko høgare netto driftsoverskot enn 1  $\frac{3}{4}$  prosent vil vere positivt med sikte på å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Vi ser det som føremålstenleg at kommunane har eit høgare netto driftsoverskot enn 1  $\frac{3}{4}$  prosent av driftsinntektene for å ha buffer til å møte økonomiske utfordringar.

I kommunen sitt førebels rekneskap for 2014 er det eit netto driftsunderskot med om lag kr. 3,8 mill. Rekneskapsunderskot i førebels rekneskap 2014, etter netto avsetjing, er i overkant av kr. 4,6 mill. Meirforbruk i 2014 er i hovudsak knytt til skatteinntektene og ressurskrevjande tenester. Det er også knytt til utgifter i samband med sosialstønad.

Rekneskapsunderskot for 2014 må bli dekt inn innan utgangen av 2016 for at kommunen ikkje skal kome under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60 (Robek).

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet med kr. 1.656.000,-. Underskotet er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond og bundne driftsfond.

Kommunen har på denne bakgrunn netto driftsunderskot både i førebels rekneskap for 2014 og i vedteke budsjett for 2015. Denne ubalansen på drifta kan ikkje bli vidareført over tid.

Kommunen må gjennomføra tiltak slik at den økonomiske drifta kjem i balanse og går med overskot. Det er også nødvendig for at underskotet for 2014 skal bli dekt inn.

Kommunen bør i lys av den økonomiske situasjonen å styrka både sine egne inntekter og gjennomføra innsparingstiltak.

### **Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**

I 2015 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 43,6 mill. I investeringane inngår kr. 0,8 mill. i eigenkapitalinnskot i KLP, som ikkje kan bli lånefinansiert.

Av investeringane utgjer VA - investeringar kr. 15 mill., som skal vere fullt ut sjølvfinansierende gjennom avgifter. Dei største investeringane elles er i utbetring og sikring av Manger kyrkje, nye sjukeheimplassar, utvida lokale for heimetenesta og ny brannbil.

Investeringane blir i hovudsak finansierte med bruk av lån, kr. 35,6 mill. Av dette er omlag kr. 14 mill. unytta lånemidlar. Resten av investeringane blir finansierte med momskompensasjon ( kr. 3 ½ mill.) og sal av tomteområde (kr. 4 ½ mill.).

Det er budsjettert med opptak av startlån kr. 3,0 mill. til vidare utlån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2013 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til kr. 66.068,- (kommunekassa - ikkje konsern). I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 50.055,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg, og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (kommunekasse - ikkje konsern) si lånegjeld ved utgangen av 2013 var kr. 60.995,-.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2014 er rekna til om lag kr. 256,7 mill., eller kr. 51.190,- pr. innbyggjar. Kommunen si brutto lånegjeld kan påreknast å auka til om lag kr. 273 mill. ved utgangen av 2015, dersom låneopptaka i budsjettet blir gjennomførte fullt ut.

Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Det er viktig å sjå gjeldsnivået i samanheng med kommunen sitt låge inntekts- og skattenivå. Det svake inntektsnivået gjer det nødvendig å halde gjelda på eit moderat nivå over tid. Netto driftsunderskot i førebels rekneskap for 2014 og budsjett 2015 er også uttrykk for at kommunen må unngå eit høgare gjeldsnivå.

### **Oppsummering**

Kommunen bør vurdere dei frie inntektene i budsjettet nærare i samband med første tertialrapport i år og gjennomføra budsjettrevisjon med sikte på at dei frie inntektene i budsjettet blir realistiske.

Kommunen har netto driftsunderskot både i rekneskap for 2014 og i vedteke budsjett for 2015. Kommunen må gjennomføra tiltak slik at den økonomiske drifta kjem i balanse og går med overskot. Det er også nødvendig for at underskot for 2014 skal bli dekt inn.

Kommunen sitt svake skattenivå gjer det nødvendig å halde gjelda på eit moderat nivå over tid.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Gjenpart:

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø  
Regionrådet Nordhordland IKS, sekretariatsleiar, Postboks 13, 5902 Isdalstø